



INNKJØPSSTRATEGI

Hå kommune 2020 - 2023

Profesjonelle innkjøp – gode tenester – i lag

Vedtatt i Hå kommunestyre 07.05.2020

Innhald

Innleiing	3
Mål.....	5
Hovudmål.....	5
Delmål 1 – Hå kommune sine anskaffingar skal vera effektivt organisert, med avklarte roller og rett kompetanse.....	5
Delmål 2 – Hå kommune sine anskaffingar skal dekkja brukarane sine behov, ha rett kvalitet og konkurransane skal bli gjennomførte etter gjeldande regelverk	6
Delmål 3 - Hå kommune skal ha god styring, kontroll og oppfølging i sine anskaffingar .	6
Delmål 4 – Hå kommune skal ta samfunnsansvar i sine anskaffingar.....	7
Delmål 5 – Hå kommune ønskjer å utvikla eit lokalt og regionalt næringsliv gjennom sitt innkjøpsarbeid.....	9
Iverksetting	10
Utfyllande informasjon	11

Innleiing

Hå kommune sitt samfunnsoppdrag er å gi gode tenester til innbyggjarane. Kommunen sin visjon er **Me løfter i lag**. Innkjøp er ikkje ei kjerneoppgåve for kommunane, men er ein støttefunksjon som bidrar til at kommunen kan nå sine mål.

Hå kommune skal gjera profesjonelle innkjøp. Profesjonelle innkjøp legg til grunn at anskaffingsprosessar og kontraktsoppfølging skal følgja regelverket, vera open og dokumentert. Kommunen skal sikra god behovsdekning og god kvalitet.

Innkjøpsområdet skal både direkte og indirekte støtta opp om kommunen sin tenesteproduksjon. Innkjøpa skal dekkja kommunen sine behov og sikra effektive og stabile leveransar, samtidig som innkjøpsområdet i seg sjølve bidrar positivt til kommunen sin økonomi og satsing på miljø, samfunnsansvar og innovasjon.

For å få til dette må me løfta i lag. Kommunen skal involvera eigne brukarar, marknaden og samarbeidskommunane. Me skal hausta erfaringar der me kan for å nå våre mål om behovsdekning, kvalitet, profesjonalitet og samfunnsansvar.

Innkjøpsstrategien skal støtta opp om kommuneplanen sine målsettingar for økonomi, tenester og etikk og skildra ei overordna tenking og åtferd for anskaffingar. I kommunal planstrategi vert innkjøpsstrategien nemnt som ein av strategiane som skal støtta opp under FN's berekraftmål nummer 9.

Innkjøpsstrategien skal gje eit felles grunnlag for gjennomføring av anskaffingar og sikra effektiv ressursbruk. Kommunen skal gjennomføra anskaffingane i tråd med lov og forskrift og sikra krava til konkurranse, likebehandling og openheit.

Anskaffingsprosessen kan me beskriva med denne figuren:



Hå kommune kjøper årleg varer og tenester for om lag 500 millionar kroner. Dette utgjør om lag ein fjerdedel av det årlege totale budsjettet. Me har drøyt 30 rammeavtalar per mars 2020. Hos leverandørane me har rammeavtale med har me handla for i underkant av 90 millionar kroner i 2019. Sett saman med investeringskostnader (om lag 200 millionar kroner) og andre tenestekjøp (om lag 100 millionar kroner), gjer dette ei avtaledækning på om lag 80 %.

Avtalane som vert inngått, er viktige både for kommunen, brukarane og leverandørane. Med dette følgjer eit ansvar om å opptre som ein profesjonell innkjøpar og sørge for å få mest

mogleg att for midlane. Samtidig ønskjer kommunen å nytta anskaffingane strategisk for å bidra til den innovasjon- og verksemdsutviklinga me treng.

Strategien gjeld for alt anskaffingsarbeid som vert gjennomført i verksemda, på tvers av einingar og for alle fasar i ein anskaffingsprosess; frå planlegging av anskaffinga til avslutninga av kontrakten. Han vedkjem alle delar av organisasjonen, og alle tilsette har eit felles ansvar for å bidra til at me lykkast med å nå måla.

Hå kommune sin visjon for innkjøp er:

«Profesjonelle innkjøp – gode tenester – i lag»

Mål

Hovudmål

Hå kommune er ein profesjonell og attraktiv oppdragsgjevar og samarbeidspartner, som gjennom gode innkjøp bidreg til gode tenester.

Krava som blir stilte til offentlege oppdragsgjevarar, blir stadig skjerpa. Hå kommune sine innkjøp skal bli meir profesjonelle, meir effektive og betre styrte. Det er viktig at innbyggjarar, leverandørmarknad og andre samarbeidspartnarar har tillit til at kommunen forvaltar samfunnet sine ressursar på ein god måte.

I planperioden vil kommunen satsa på å strukturera og systematisera innkjøpsfunksjonen i Hå. Innkjøpsfunksjonen skal vera effektivt organisert, og ha gode system og rutinar for ulike prosessar.

Kommunen vil prioritera følgjande delmål for nå hovudmålet:

Delmål 1 – Hå kommune sine anskaffingar skal vera effektivt organisert, med avklarte roller og rett kompetanse

Anskaffingsprosessane i Hå kommune skal vera kjenneteikna av effektivitet og høg anskaffingskompetanse. Tydeleg rolle- og ansvarsavklaring gjer prosessane meir effektive. Rett kompetanse sikrar at det me gjer er lovleg og smart. Me skal og sikra konkurranse der det skal vere konkurranse etter regelverket.

Tiltak:

- Hå kommune skal ha eit innkjøpsreglement med tydeleg rolle- og ansvarsavklaring.
- Hå kommune skal oppretta eit innkjøpsforum/ei ressursgruppe for innkjøp. Alle tenesteområde skal ha ein innkjøpar med høg kompetanse med i denne gruppa. Dette for å sikra god kvalitet og behovsdekning ut i tenesteområda.
- Innkjøpsavdelinga skal tilby opplæring retta mot ulike roller og område.
- Hå kommune skal bidra aktivt i samarbeidet med nabokommunane (per dags dato er med i eit nettverk med desse kommunane: Time, Klepp, Gjesdal og Strand) – for å læra og å dela.
- Hå kommune skal gjera god bruk av rammeavtaler, både eigne og dei me har saman med samarbeidskommunane.

Delmål 2 – Hå kommune sine anskaffingar skal dekke brukarane sine behov, ha rett kvalitet og konkurransane skal bli gjennomførte etter gjeldande regelverk

Kommunen sine anskaffingar skal vera baserte på langsiktig tenkning og tidleg dialog med brukarar og leverandørar. Dette for å dekke dei reelle behova og sikra god kvalitet.

For at anskaffingane skal verta optimale, er det viktig å bruka tid på førebuingane. Det er då me har størst påverkningskraft. Kommunen må avdekka kva som er behovet med fagpersonar og brukarar for å sikra rett beskriving i konkurransegrunnlaget.

Alle anskaffingar skal bli gjennomførte etter gjeldande regelverk og malane som gjeld for Hå kommune.

Tiltak:

- Hå kommune skal involvera eigne brukarar og fagpersonar, i tverrfaglege anskaffingsteam, for å sikra rett behovsdekning.
- Hå kommune skal gjennomføra marknadsundersøkingar og marknadsdialog i forkant av konkurransar der det er formålstenleg.
- Hå kommune skal leggja konkurransegrunnlag ut på høyring når det er formålstenleg.
- Hå kommune skal jobba for mest mogleg standardisering av malar, rutinar og prosessar.
- Hå kommune skal ha kvalitetskontroll / sidemannskontroll av alle anskaffingar før dei vert lyst ut.

Delmål 3 - Hå kommune skal ha god styring, kontroll og oppfølging i sine anskaffingar

Hå kommune skal til ei kvar tid ha ei god og tilgjengeleg oversikt over kva innkjøpsavtaler som er inngått, og eit system som sikrar at avtaler blir fornya til rett tid. Kwart tenesteområde skal i tillegg utarbeida ei årleg oversikt over kva avtaler det er behov for, i nåtid og framtid.

Kontraktsoppfølging er den prosessen som skjer etter at kontrakt er inngått. I kontrakten ligg det nå eit potensiale for gevinstar. Me må følgja opp kontrakten for å realisera dette potensialet. God kontraktsoppfølging bidreg til auka kvalitet i leveransen og kan redusera kostnadane. I tillegg vil ein tydeleg og profesjonell oppdragsgjevar bidra til å utvikla ein god relasjon til leverandørane.

Tilsette og leiarar som skal nytta innkjøpsavtalane, må ha god kjennskap til og enkel tilgang til dei avtalane som ligg føre. Gjennom god kommunikasjon og oppfølging frå

innkjøpsressursane sentralt og i kvart tenesteområde, vil dei få rettleiing i korleis dei best kan nytta dei aktuelle innkjøpsavtalane.

Tiltak:

- Hå kommune skal ha ein handlingsplan, som viser pågåande og komande innkjøp
- Hå kommune skal etablera ein felles modell for kontraktsoppfølging i kommunen, for å leggja til rette for at kontraktane blir følgd opp heilskapleg og systematisk. Dette for å sikra at me får rett verdi ut av kontrakten, og at det me lærar kan nyttast vidare i neste anskaffing.
- Hå kommune skal i størst mulig grad nytta standardiserte kontraktar
- Hå kommune skal sørgja for god implementering av rammeavtaler i kommunen, dvs. god informasjon om inngåtte kontraktar. Me skal gjera tydeleg for leiarane at dei har ansvar for å nytta rammeavtalane og visa korleis dei nyttar desse korrekt ved innkjøp av varer og tenester
- For anskaffingar over 1,3 millionar kroner, skal det utarbeidast obligatorisk strategiplan som synleggjer risikovurderingar og kritiske suksessfaktorar
- Bruk av digitale verktøy skal vera førstevalg. Kommunen nyttar Merccell som leverandør av digitalt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) og kontraktsadministrasjonsverktøy (KAV).
 - I hovudsak nyttar me konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) på alle konkurransar over 100 000,-
 - Hå kommune skal sikra at alle kontraktar som gjeld rammeavtaler blir tilgjengelege i kontraktsmodulen (KAV) i Merccell for å få oversikt og kontroll. For andre avtaler enn rammeavtaler, skal alle over 1, 3 millionar kroner vera tilgjengelege i kontraktsmodulen.

Delmål 4 – Hå kommune skal ta samfunnsansvar i sine anskaffingar

Det oppdaterte anskaffelsesregelverket har fått strengare krav om å ivareta samfunnsansvar. EU ser på dette som verkemiddel for å fremja måla i Europa 2020 –strategien (EUs tiårsstrategi) om smart, berekraftig og inkluderande vekst. I tillegg er det nasjonale forventingar om at kommunane skal leggja FN sine berekraftsmål til grunn i samfunnsplanleggjinga. Innkjøpsstrategien er nemnt i kommunal planstrategi som ein av strategiane som skal støtta opp under FN sitt berekraftsmål nummer 9.



Bygge solid infrastruktur, fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og bidra til innovasjon

Smarte og innovative innkjøp

Kommunane sine oppgåver er i stadig utvikling. Det same gjeld innbyggjarane sine behov og utfordringar. Løysinga på morgondagens utfordringar vil krevje auka evne, i både offentleg sektor og næringslivet, til å dra nytte av nye moglegheiter.

Hå kommune jobbar aktivt med omstilling og innovasjon gjennom *Framtidsløftet*. Målet er å forenkla, forbetra og fornya måten me jobbar på. Hå kommune ønskjer å gjera anskaffingar som legg til rette for innovasjon.

Berekraftige innkjøp

Hå kommune ønskjer å ta samfunnsansvar ved å bidra til meir klima- og miljøvennlege anskaffingar. Regelverket seier at «...kommunale myndigheter ... skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåverknig, og fremme klimavennlige løysingar der dette er relevant.» Dette kan kommunen gjera ved å stilla miljøkrav og kriterie i ulike trinn av anskaffingsprosessen.

Inkluderande innkjøp

Hå kommune ønskjer å vera ein inkluderande kommune, og vil ta samfunnsansvar ved å skapa eit rausare arbeidsliv. Dette vil me gjera ved å nytta [reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt](#) når det høver.

Hå kommune vil nytta si påveringskraft mot leverandørane til å fremja smarte og innovative, bærekraftige og inkluderande løysingar. Anskaffingane skal redusera miljøbelastninga, ha respekt for grunnleggande menneskerettar, påverka arbeidsforhold, og sikra like konkurransevilkår og framtidig konkurransekraft for næringslivet. Samfunnsansvarlege anskaffingar skal bidra til å sikre godt omdømme og tillit til offentleg anskaffingsverksemd.

Tiltak:

- Hå kommune skal jobba målretta med å identifisera kommunen sine behov, spesifisera desse behova som funksjonelle krav når det er formålstenleg og ha tett dialog med leverandørmarknaden i forkant av ei anskaffing. Dette meiner me vil fremja innovasjon.
- Hå kommune vil etablere rutinar for å redusera skadeleg miljøpåverknad knytt til anskaffingar og fremja klimavennlege løysingar. Kommunen vil prioritera å ta klima – og miljøomsyn i større anskaffingar kor nytten av desse er høg. Kommunen vil nytta enkle og mest mogleg standardiserte krav i mindre anskaffingar.
- Hå kommune vil etablere rutinar for å ivareta respekt for grunnleggande menneskerettar.
- Hå kommune skal gjera anskaffingane i tråd med Hå kommune sine etiske retningslinjer.
- Hå kommune skal stilla krav i kontrakt som sikrar seriøsitet og motverker sosial dumping og hindrar arbeidslivskriminalitet.
- Hå kommune skal gjennomføra og dokumentera forsvarlege kontroller av leverandørane.
- Hå kommune skal vurdere moglegheitene for reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt i planleggingsfasen.

Delmål 5 – Hå kommune ønskjer å utvikla eit lokalt og regionalt næringsliv gjennom sitt innkjøpsarbeid.

Kommunen skal innanfor regelverket for offentlege anskaffingar legge til rette for at lokale aktørar både deltar i – og har sjanse til å vinna konkurransar.

Regelverket for offentlige anskaffingar er tydeleg på at alle leverandører skal behandlast likt, og at det ikkje skal førekoma diskriminering mellom anna på bakgrunn av lokal tilknytning. Hå kommune ønskjer å inkludere det lokale næringsliv, og vil –der det er mulig – leggja til rette for lokal deltaking i anbuds konkurransar. Dette kan gjerast samtidig som regelverket blir overhaldt. Føremålet i anskaffingslova om å fremja effektiv bruk av samfunnet sine ressursar skal alltid liggja til grunn.

Ved å leggja til rette for lokal deltaking, vil Hå kommune bidra til å gi tilbake til samfunnet, og sikra eit bærekraftig næringsliv. Kommunen er med på å heve kompetansen i bedriftene ved å stilla seriositetskrav. Seriositetskrav stiller krav om faglærte handverkarar, at leverandør skal være knyta til ei offentlig godkjent lærlingordning, og krav til lønns- og arbeidsvilkår.

Tiltak:

- Hå kommune skal vurdere å dela opp i delkontraktar, slik at det er høve å gi tilbod og for mindre bedrifter
 - Hå kommune skal, der det er formålstenleg, nytta kriterier som for eksempel miljø, leveringstid, tilgjengelegheit el. i tillegg til pris.
 - Hå kommune kan oppmoda større leverandører til å nytta lokale leverandører som underleverandører for bestemte område.
 - Hå kommune skal der det er formålstenleg inngå kontrakt direkte med lokale leverandører der den totale verdien av anskaffinga (totalt for heile kommunen) er under 100.000 kr eks. moms.
 - Hå kommune skal leggja til rette for at lokalt næringsliv skal kunna delta i konkurransar mellom anna ved å tilby opplæring i konkurranse gjennomføringsverktøyet Merccell.
-
- I tråd med "Veileder til reglene om offentlige anskaffelser" punkt 30 om oppdeling av anskaffelser, vert innkjøpsavtalar innan detaljhandel delt opp på ein slik måte at det er praktisk mogleg for mindre bedrifter å delta i anbuds konkurransen.
 - Der det fell naturleg (i kontrakter frå 100 000-1,3, mill) skal Hå kommunen bruka avgrensa anbuds konkurranse der dei peikar ut tre leverandører, der geografi skal vera ein vesentleg faktor.

Iverksetting

Måling og rapportering

Anskaffingsstrategien er vedtatt i kommunestyret 07.05.2020 og blir gjort kjent for alle medarbeidarar. Rådmannen har det overordna ansvaret for gjennomføring av strategien. Innkjøpssjef har ansvar for å koordinera arbeidet og rapportera på framdrift. Alle tilsette har eit ansvar for å bidra til at måla i strategien nås.

Anskaffingsstrategien skal konkretiserast i ein årleg handlingsplan som blir vedtatt i Rådmannen si leiargruppe og gjeld for påfølgande år. Innkjøpssjef har ansvar for å laga denne planen.

Rapportering på de viktigaste tiltaka vil inngå i verksemda si årsmelding og rapportering til kommunestyret kvart tertial.

Handlingsplanen skal vurderast i etterkant av kvart år ut frå oppnådde fordeler og effektar.

Kritiske suksessfaktorar

For å lykkast med å setja i verk strategien er det behov for at:

- anskaffingsstrategien er forankra frå topp til botn i verksemda.
- alle tilsette i Hå kommune skal følgje føringane i strategien og gjennomfører tiltaka innanfor vedtatt budsjett i strategiperioden.
- alle anskaffingar blir gjennomførte i tråd med gjeldande regelverk og interne rutinar, og at kontraktar blir nytta og fulgt opp.
- informasjon om strategien blir kommunisert ut til heile verksemda og at det blir rapportert på måloppnåing
- handlingsplanen inneheld konkrete tiltak, kvantifiserbare mål, klare fristar og definerte ressursbehov

Strategien vil bli publisert på Hå kommune sine nettsider, kommunen sitt intranett og i andre aktuelle kommunikasjonskanalar.

Utfyllande informasjon

Krav til planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar er regulert i lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 nr. 73 med [tilhøyrande forskrifter](#).

Under finn de lenkjer til dei mest aktuelle delane av regelverket og anna nyttig informasjon.

- [Anskaffelsesloven](#)
- [Anskaffelsesforskriften](#)
- [Stortingsmelding 22 – Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser](#)
- www.anskaffelser.no - Digitaliseringsdirektoratet sine fagsider om offentlege anskaffingar
- [Om reservert og inkluderande kontrakt](#)

Terskelverdier:

For ulike beløp, gjeld ulike delar av anskaffelsesforskriften (del I, II og III). Regelverket blir meir skjerpa når beløpet aukar. Når me inngår rammeavtalar, gjeld dette beløpet heile kommunen sett under eitt (altså ikkje skule for skule, avdeling for avdeling).

Terskelverdiane endrar seg om lag annakvart år. Tabellen under har samla dei mest aktuelle terskelverdiane for kommunen. [Komplett liste over terskelverdier](#).

Terskelverdier pr. februar 2020:

Beløp	
100 000 kroner – 1,3 millionar kroner	Anskaffingane skal følgja alt regelverk i del I av forskrifta. Ingen kunngjeringsplikt, men minst tre leverandørar må bli inviterte.
1, 3 millionar kroner – 2,05 millionar kroner	Nasjonale anskaffingar følgjer del I og del II av forskrifta. Anskaffingane må lysast ut i Doffin, den nasjonale databasen for offentlege anskaffingar.
Over 2, 05 millionar kroner (51,5 millionar kroner for bygg og anlegg)	Anskaffingar over EØS-terskelverdi følgjer del I og del III av forskrifta. Anskaffingane må lysast ut i TED (Tenders Electronic Daily), den europeiske offisielle databasen for kunngjerings.